



## PROGRAM FOR VAKSNE

### Open lesesirkel

22. januar / 11. mars / 15. april. Kl. 18.

Vi les ei novelle og eit dikt kvar gong. Du treng ikkje førebu deg, det er alltid ei overrasking kva vi les. Dette er uforpliktande, ikkje ei fast gruppe.

### Må lære meg å melke kuer

19. februar kl. 19.

Hjartevarmt foredrag basert på Freddy Kjensmo si kritikerroste bok «Må lære meg å melke kuer – en feelgoodhistorie fra demensavdelingen». Vi høyrer om Kjensmo og faren si reise frå faren får dei fyrste teikna på aldersdemens. I samarbeid med Lesja og Dovre demensforening.

### Kulturskulekonsert

24. februar kl. 12

Sjå og høyr litt av det Lesja og Dovre kulturskule har å by på. Det blir ein variert konsert som du heilt sikkert ikkje vil gå glipp av! Gratis og ope for alle.

### Lokalhistoriske godbitar

4. mars kl. 18.30

Dovre historielag fortel om sine ferskaste utgjeingar, som "Nytta av vatn i Dovre". Det blir kaffe og biteti.

### Aust for Hudson Bay

18. mars kl. 19

Sommaren 2023 var Tor Jørgen Bøe og tre soner på tur i Canada. Med kano og til fots tok dei seg gjennom villmarka aust for Hudson Bay. Dei kjem til biblioteket for å fortelje om den spennande turen og vise bilder.

### Bok og bål

8. april kl. 18.30

Bli med på tur til gapahuken i Larslykkja. Biblioteket tek med gode boktips, kaffe og kaffemat. Du tek med varme klede og noko å sitje på. Oppmøte ved Bruktbutikken om du vil gå saman med nokon, eller møt oss i gapahuken.

### Forfattarmøte - Tore Renberg

21. mai kl. 19

Tore Renberg kjem for å snakke om den nyaste boka si "Lungeflyteprøven". Inngang 100,- I samarbeid med Lesja bibliotek.



**DOVRE  
BIBLIOTEK**

**VÅRPROGRAM**

## DIGITALE TENESTAR

flipp

Aktiver tilgang via appen, opprett konto, og få tilgang til 90 populære magasin i sju dagar om gongen.

### filmoteket

Sjå film på filmstraumetenesten til biblioteka. Velg blant titlar for barn, ungdom og vaksne. Klassikarar, Oscar-vinnarar og "blockbustere".

bookbites

Lån e-bøker og e-lydbøker.

SPOR

NATURSTIG | HISTORIECACHING



## BIBLIOTEKET TILBYR

Aviser. Magasiner. Kopiering. Skanning.  
Pc. Trådløst nett

## PROGRAM FOR BARN

### Geitekillingen som kunne telle til ti

6. februar kl. 9.45 Dovre barnehage

7. februar kl. 13 Dovre bibliotek

Teaterforestilling med Teater Grimsborken  
Gratis. Frå 3 år.

### Lesestund og kveldsmat

12. februar kl. 17.30

Ta kveldsmaten på biblioteket denne kvelden. Sturla Asgeir Hage les fine fortellingar, og Dovre bygdekvinneleg set fram kveldsmat. Påmelding til folkebiblioteket@dovre.kommune.no innan 8. februar. 3-7 år, men søsken er også velkomne.

### Vinterferie på biblioteket

Verkstad - Ballongbil

26. februar kl. 12-15 / 29. februar kl. 10-15

Kan papp, brus korker og ballong bli ein bil? Ja da, berre kom på biblioteket for å prøve! Du kan også få prøve bilane i eit race.

Kino - Mummipappas eventyr. 2. mars kl. 12

Frå 4 år. Norsk tale, 1t 14min. Gratis



### Påskeferie på biblioteket

Kino - Gubben og katten - Findus flytter ut.

23. mars kl. 12

Frå 6 år. Norsk tale. 1t 21min. Gratis.

Verkstad - Påskehøner

25. mars kl. 12-15

Bli med og lag fin påskepynt av papir og eggekartongar.



### Boklek

3. april kl. 9

Alle skulestartarar i Dovre blir inviterte til biblioteket for å høyre om Kristin Roskifte si bok "Alle sammen teller". I regi av Innlandet fylkesbibliotek.



I barneavdelinga kan du pusle, spele brettspel, bygge med lego og klossar, og kose deg med bøker i lesehuset. Velkommen innom!

## TILBOD FOR UNGDOM

### Spillsenter

Med gaming pc-ar og X-boxar. Frå 4. klasse. Ope når biblioteket er ope. Lån kontrollar i skranken.



### Ungdomsklubb

Onsdagar frå 18-20 er det ungdomsklubb for 5. til 7. klasse på biblioteket.

### Ungdomsavdeling

Vi har eit heilt nytt biljardbord i ungdomsavdelinga, og her kan du også spele Nintendo Switch.

## KONTAKT

folkebiblioteket@dovre.kommune.no

61 24 26 90



#dovrebib



facebook.com/dovre.folkebibliotek



## OPNINGSTIDER

Måndag 12-18

Tysdag 10-15.30

Torsdag 10-15.30

Fredag 10-15.30

Laurdag 11-14

Biblioteket er samlokalisert med Norddalsarkivet som er ope onsdagar 14-18.